



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd

Dato / tid: 8.desember 2022 kl.16.30-18.00

Stad: Kommunehuset på Tingvang, møterom «Skaget»

Møtt: Eirik Mørstad Bråthen, Jostein Sørengen, Ingrid Stalenget, Erlend Aasan, Margit Onstad

Gjestar: Odd Erik Holden og Jan Berg

Sekretær: Øystein Skattebu

22/14 Konstituering av ungdomsrådet 22/23

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet hadde sitt første møte etter at samansetjinga vart vedteke i kommunestyresak

45/22 - [22/9623 - Val av medlemmar til ungdomsråd 2022-2023.](#)

Reglementet for ungdomsrådet seier:

§ 01 VAL OG SAMANSETTING

Kommunestyret vel medlemmene i ungdomsrådet. Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremje forslag til medlemmer i rådet. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

Ungdomsrådet skal konstituere seg sjølv.

Vedtak:

Ungdomsrådet fekk følgjande konstituering for 22/23:

Eirik Mørstad Bråthen – Leiar

Erlend Aasan – nestleiar

Ingrid Stalenget – medlem

Jostein Sørengen - medlem

Margit Onstad – medlem

22/15 Inkludering av flyktningar i dagleglivet i Øystre Slidre

Bakgrunn for saka:



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Avdelingsleiar for flyktningetenesta, Jan Berg, hadde invitert seg sjølv for å halde ein appell til ungdomsrådet om inkludering av flyktningar i samfunnet og dagleglivet i kommunen.

Hovudpunkt frå Jan sitt innlegg:

Flyktningane seier at dei kjenner seg «annleis», og ser på oss i Øystre Slidre som reserverte, beskjedne og kanskje litt redde for dei som kjem frå framande kulturar – det som er «annleis».

Jan hadde ein appell om at me må tørre å vere meir opne for- og nysgjerrige på det som er annleis. Me bør i større grad vere opne for å bli kjende med kvarandre, i det minste å seie «hei» og møte folk med eit smil. Blir me kjende, vert me tryggare på kvarandre. Gjennom fellesskapskjensle og tilhøyrighet vert terskelen høgare for å krenke andre.

Me må alle ta eit tak og gå i oss sjølv for å inkludere fleir i samfunnet – ikkje berre flyktningar, men alle menneske. «Alle skal med». Kan ungdomsrådet køyre ei kampanje på dette?

Vedtak:

Kommunestyret skal ta stilling til busetjing av inntil 60 flyktningar i 2023 i kommunestyremøtet 15.12.22. Ungdomsrådet ynskjer å stille i møtet, og overhøyre denne saka i tillegg til økonomiplanen.

22/16 Ordensreglement for ungdomsklubben

Bakgrunn for saka:

Ungdomsklubben skal revidere sitt ordensreglement.

Utkastet har vore drøfta i STABEN på klubben, og er oversendt kommunalsjef for oppvekst og kultursjefen for uttale. Det har ikkje kome innspel på utkastet.

Saksframlegg:

Ordensreglement for aktivitetstilbod Ungdomens kulturhus Gapahuken

Utkast: 1.12.22

Føremål:

Ordensreglementet skal bidra til å skape trygge rammer for alle som tek del i aktivitetstilboda kommunen tilbyr gjennom Ungdomens kulturhus Gapahuken og ungdomsklubben. Reglementet omfattar alle ordinære klubbtildot i Gapahuken, meketildot, e-sport og gaming på NE-S, øvingar i Lydkåken og ved dei ulike aktivitetane me tilbyr på andre arenaer. Enkelte av desse aktivitetane har, i tillegg til desse, eigne reglar ein må sette seg inn i ved deltaking i dei ulike aktivitetane og tilboda.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsklubben skal vere eit tilbod der ungdom skal få vere ungdom. Klubben er deira arena og ein «fristad» frå krav om prestasjon og resultat, der det er frivillig og opp til den enkelte i kva grad ein ynskjer å vere del av ulike aktivitetar og tilbod. Det skal difor tillatast ein del støy, ungdommeleg språkbruk og fysisk rørsle, såframt dette ikkje bryt med reglane eller går utover andre deltakrar, hus og inventar. Reglane skal ligge til grunn for å definere kva som er forventa oppførsel til ungdomane på klubben, der sanksjonane er tiltak som vil bli sett inn ved brot på den friheita me gjev dei, og forventninigane me har til dei. Reglane og handsaminga av desse skal generelt sett stå i stil til dei normane for oppførsel ein møter i samfunnet og på andre opne møteplassar.

Reglar for klubbtiboda i Øystre Slidre kommune

- Mobbing, rasisme og trakassering er ikkje tillate ved klubben sine aktivitetar
- Alle skal vise respekt og omsorg for kvarandre
- Alle skal ta vare på og bruke klubben sine lokale, utstyr og inventar slik at dei ikkje vert utsette for hærverk eller unødvendig slitasje og forbruk.
- Alle skal vere med å bidra til at klubben sitt område, inne og ute, er reint og ryddig.
- Ingen skal vere rusa, bruke, oppbevare, omsette eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på klubben eller klubben sine tilbod.
- Ingen skal ha med ulovlege / farlege gjenstandar på klubben
- Det er nulltoleranse for utøving av fysisk og/eller psykisk vald

Tiltak ved brot på reglementet:

Alle sanksjonar skal vere slik at ungdomane forstår kva for regel som er broten og kvifor klubben reagerer på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på reglementet, og tiltaket bør koma så nær regelbrotet i tid som mogleg. Dersom det er mogleg, skal ungdomen få høve til å gjere opp for seg.

Fysisk refsing eller anna krenkjande refsing skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask, og/eller reperasjon etter seg sjølv eller andre.

Klubben kan nytte følgjande sanksjonar ved brot på reglementet:

- Munnleg irettesetjing
- Skriftleg irettesetjing / åtvaring
- Informere heimen
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skadar dei har gjort på klubben sin eigedom eller eigendalar.
- Erstatningsansvar – føresette kan bli gjort erstatningsansvarlege for skade som er gjort med vilje eller aktlaust av ungdomane deira med inntil 5000 kr for kvart enkelt tilfelle. (jf. Skadeerstatningslova §1-2).
- Inndraging av gjenstandar som bryt med reglementet
- Utestenging frå enkeltarrangement eller frå klubben sine tilbod i ein periode
- Melde straffbare forhold til politiet



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ved meir alvorlege regelbrot vil dei tilsette som hovudregel ta opp og vurdere enkeltsituasjoner med kvarandre/evt. sin leiar om ein er usikker på korleis den enkelte situasjonen skal løysast.

Særskilde føringar ved brot på reglar om bruk av tobakk/rusmiddel på klubben:

Ved bruk av snus eller tobakk inne på klubben eller på klubben sitt område:

- Inndra rusmiddelet og gje ein advarsel om utvisning
- Meld frå til føresette om hendinga
- Ved gjentatt åtferd kan ein bli utvist frå klubben sine aktivitetar i ein periode

Ved bruk av alkohol på klubben eller på klubben sitt område:

- Inndra rusmiddelet
- Meld frå til føresette og be dei hente ungdomen
- Ved bruk av alkohol på klubben kan ein bli utvist frå klubben sine aktivitetar i inntil 4 veker
- Meld frå til politiet om hendinga

Ved bruk av narkotiske stoff på klubben eller klubben sitt område:

- Inndra rusmiddelet
- Meld frå til føresette og politiet – ungdomen skal hentast
- Ungdomen skal skjermast frå andre ungdomar på klubben til han/ho vert henta
- Bruk skjønn i vurderinga, sjå an sinnstemninga til den rusa ungdomen og høyre på politiet sine anbefalingar.

Vedtak:

Ungdomsrådet har ingen innvendingar til reglementet.

Reglementet vert gjort offentleg på klubben sine sider på kommunen. Dei vert og oversendt føresette gjennom FAU på ØSUS, og hengt opp på oppslagstavla i Gapahuken.

22/17 Forhandlingsmøtet 2023

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet sitt framlegg for ny modell for forhandlingsmøtet har vore til høyring i elevråda på skulane. Det har kome inn to innspel i høyringa:

Siv Theodorsen (rektor på ØSUS).



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

«Så bra at vi har aktive ungdommer her i kommunen hos oss. Jeg er enig med ungdomsrådet i at også ØSUS bør få være med å forhandle om disse pengene. Skjønner egentlig ikke hvorfor de ikke vært med tidligere.»

Elevrådet, Rogne skule

«No har elevrådet på Rogne skule lest gjennom høyingsdokumentet eg fekk tilsendt. Dei var positive til forslaget. Dei syntest det høyrdet spanande ut at elevar frå skulane skulle møte ordførar og andre som er med på å bestemme i kommunen. Dei syntest derfor at dette forslaget skulle spelast inn for kommunestyret i desember. Bra forslag for ungdommane i kommunen!»

Odd Erik Holden hadde innspel i møtet:

Møtet bør gjennomførast i løpet av første halvår slik at strakstiltaka kan gjennomførast i det aktuelle budsjettåret, og at innspela kan takast med i budsjettarbeidet gjennom året.

Ordføraren stiller som representant ved møtet, og tykkjer det er eit godt innspel at leiar for Kommunestyrekomiteen for oppvekst og kultur er med.

Vedtak:

Ungdomsrådet legg opp til at forhandlingsmøtet vert gjennomført jamfør med dei nye føringane.

Ungdomsrådet vil ta del i planlegging og gjennomføring av forhandlingsmøtet.

Ungdomsrådet vedtek at alle midlane som er avsett til «ungdomsdemokrati» på 64.000kr skal inngå som pott i forhandlingsmøtet. Midlane skal fordelast på eitt eller fleir «strakstiltak» som vert prioritert i forhandlingsmøtet.

Forhandlingsmøtet skal gjennomførast i løpet av april 2023, med utgangspunkt i følgjande føringar:

Føringar for Ungdomens kommunestyremøte 2023-2026

Ungdomens kommunestyre er ei vidareføring og styrking av «forhandlingsmøtet», som vart starta opp i samband med prosjektet «Aktivt ungdomsdemokrati» frå 1999-2001.

Føremål:

Ungdomens kommunestyremøte skal vere born og unge i Øystre Slidre sin fremste arena for å kunne påverke eigne oppvekstvilkår i kommunen. Gjennom førebuande, inkluderande og medverkande arbeidsprosessar i klasseråd og elevrådsarbeid på 1.-10. trinn, samt i ungdomsrådet, skal alle elevar og elevgrupper i skulealder få høve til å løfte sine ynskjer og behov knytt til eigne oppvekstvilkår opp på administrativt og politisk nivå.

Møtet har to hovedføremål:



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

- å gje politikarane og administrasjonen innspel til kva born og unge meiner er viktige prioriteringar og tiltak å ta med i arbeidet med økonomiplanen
- å forhandle om- og prioritere bruk av 64.000 kr til eitt eller fleire *strakstiltak* som born og unge tykkjer er viktige å sette i gang.

I arbeidet med Ungdomens kommunestyremøte vil også deltakarane få erfaring med med ulike politiske prosessar, dei vil bli betre kjent med kommunen sine oppgåver og tenester, og få anledning til å påverke eigne oppvekstvilkår i kommunen.

Det er også eit håp om at prosessen vil vere med å styrke born og unge sitt forhold og tilhøyrigheit til kommunen, at dei i framtida vil omtale kommunen og eigen oppvekst på ein positiv måte, og at ein dei av dei vel å bli buande her eller vel å flytte tilbake hit på eit seinare punkt i livet.

Gjennomføring og rammer

Det vert sett av 64.000 kr i året til Ungdomens kommunestyre i kommunens budsjett.

Ungdomskonsulenten i kommunen er ansvarleg for koordinering og gjennomføring.

Førebuande prosess:

Ungdomens kommunestyre skal vere eit prosessarbeid der alle born og unge frå 1.-10. trinn og ungdomsrådet i Øystre Slidre kommune skal ha anledning til å medverke til vedtaket og prioriteringane som vert fatta i forhandlingsmøtet.

Skulane og elevråda i kommunen får ansvar for å gjennomføre medverknadsprosessen på sine skular, prioritere skulen sine viktigaste tiltak, og legge desse fram i Ungdomens kommunestyre.

Ungdomsrådet fører sin eigen prosess og prioriteringar, og deltek på same måte som elevråda i møtet.

Skulane vel kvart år elevråd og representantar frå dei ulike klassane. Ungdomsrådet sine medlem vert godkjende i kommunestyret innan 1.oktober i eigen sak kvar haust.

I september kvart år vil ungdomskonsulenten avklare datoar for forhandlingsmøtet med administrasjonen, og sende ut invitasjon og føringar til elevråda ved ØSUS, Rogne skule, Lidar skule, Ungdomsrådet, politikarar og administrasjonen. Ungdomskonsulenten vil også reise ut og møte elevråda for å informere om Ungdomens kommunestyre, og oppgåva dei har føre seg.

I perioden fram til forhandlingsmøtet i Ungdomens kommunestyre, har elevråda ved skulane ansvar for å køyre medverkingsprosesser i alle klassane. Målet er å kartlegge ynskjer og behov, samt tiltak som kan vere med å betre oppvekstvilkåra i kommunen. Ynskja og tiltaka skal vere av ein art som opptek born og unge, og det kan vere tiltak knytt til skulane og nærmiljøa rundt skulane, eller til aktivitet og tiltak i nærområda der folk bur og oppheld i kommunen. Midlane kan både nyttast til arrangement, prosjekt, utsyr eller anlegg.

Når alle klassene har kome med sine innspel, skal desse leggast fram for elevrådet ved skulane. Deretter vert det deira oppgåve å prioritere kva innspel dei tykkjer er viktige for si skule og sine born og unge. Desse prioriteringane skal førebuast som tiltak som skal leggast fram i Ungdomens kommunestyre, med tiltaksbeskriving, handlingsplan, budsjett, og gode argument for kvifor dette er



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

prioritert. Prioriteringane skal leggjast fram med powerpoint-presentasjon, som vert oversendt til ungdomskonsulenten ei veke før forhandlingane.

Forhandlingsmøtet i Ungdomens kommunestyre

Representantar:

Ungdomens kommunestyre består av dei utvalde elevane og representantane som stiller til forhandlingsmøtet.

- Rogne og Lidar skule stiller med to representantar frå 5., 6. og 7. trinn
- Øsus stiller med to representantar frå 8., 9. og 10. trinn
- Ungdomsrådet stiller med sine fem representantar, der leiaren er med som forhandlingsleiar.
- Frå kommunen skal ungdomskonsulenten og kommunalsjefen stille, men rådmannen og kultursjefen bør også stille.
- Av politikarane skal ordføraren og leiaren av kommunestyrekommitéen for oppvekst og kultur stille.

Elevråda får stille med den læraren som er ansvarleg for elevrådet ved skulen.

Gjennomføring – agenda:

Ungdomskonsulenten styrer møtet, medan ordføraren og leiaren for ungdomsrådet leiar forhandlingane.

Tidsramme: 09.00 – 12.30 på Tingvang

Kl. 09.00

- Vel møtt – info ved Ungdomskonsulenten om dagens opplegg
- Bli kjende med kvarandre – alle presenterer seg, seier litt om kven dei er og kva dei jobbar med.
- Ordføraren seier litt om kommunen og korleis kommunen jobbar/ansvar/prioriteringar – kjapp omvising på kommunehuset og dei ulike avdelingane.
- Pause.

Kl. 10.00

- Presentasjon av prioriteringar frå elevråda (maks 10.min per råd).
- Kort pause etter presentasjonane
- Gruppemøte - Samtalar i dei ulike elevråda om alle dei tiltaka som er lagt fram i møtet. Gruppene set opp ei prioritert liste over kva tiltak dei meiner er viktigast som bør få strakstiltaksmidlar.
- Felles – to representantar frå kvart elevråd og ungdomsrådet går til talarstolen og legg fram dei nye vurderingane av alle innspela frå sine elevråd med argumentasjon.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

- Arbeid i forhandlingsutvalet: Forhandlingsutvalet består av to medlem frå kvart elevråd, ungdomsrådet, ordføraren og leiar av kommunestyrekomitéen. Forhandlingsutvalet får i oppgåve å koma fram til ei innstilling til vedtak, rundt kva tiltak som skal prioriterast og få straksmidlar, og kva saker som skal spelast inn til arbeidet med økonomiplanen. Ungdomsrådsleiaren har ansvar for å styre denne prosessen, i samarbeid med ordføraren. Ungdomskonsulenten er sekretær.
- Framlegg for vedtak – Leiar for forhandlingsutvalet legg fram innstilling til vedtak for Ungdomens kommunestyre som stemmer for eller mot tiltaket. Her er det høve til å koma med innspel til vedtaket og legge inn forslag til endringar før ein evt. stemmer.
- Når vedtaket er fatta, vert møtet heva.

Kl. 12.00 – 12.30

Lunsj før elevane reiser attende på skulane

Etterarbeid:

Ungdomsrådet blir att etter møtet, og formulerer innspel til økonomiplanarbeidet på vegner av Ungdomens kommunestyre.

Ungdomskonsulenten får ansvar med å fordele straksmidlane, og følgje opp tiltaka.

Midlane må brukast i løpet av kalenderåret vedtaket fell, og kan ikkje avsetjast til året etter.

22/18 Fokusområde for ungdomsrådet i 2023.

Bakgrunn for saka:

Det nye ungdomsrådet skal ta stilling til kva saker dei er opptekne av, og legge ein plan for kva dei ynskjer å jobbe med fyrste halvår 2023.

Vedtak:

Ungdomsrådet er opptekne av at Nettverket E-Sportsenter blir ferdig og kjem i gang med aktivitetane i løpet av kort tid.

Ungdomsrådet vil ta ei aktiv rolle i planlegging og gjennomføring av forhandlingsmøtet 2023, og bidra med innspel til budsjett og økonomiplan gjennom dette.

Ungdomsrådet vil koma med innspel på arealdelen i kommuneplanen når den skal ut på høyring.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet ynskjer å vere med i prosessen med planlegging av uteområde på ØSUS.

Ungdomsrådet ynskjer å koma med eit innspel i den aktuelle saka om styrking av frivilligheita og deltaking i organisasjonslivet.

Ungdomsrådet ynskjer å koma med uttale ved rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet. Dei vil og vere med å drøfte kva anlegg som skal byggjast, og koma med innspel til kva anlegg som er dagsaktuelle for ungdom. Ungdomsrådet kan t.d. få vere med idrettskonsulenten i kommunen på ein gjennomgang av kommunale anlegg i *Anleggsregisteret*.

Ungdomskonsulenten, i samarbeid med ungdomsrådsleiaren, legg ein plan for korleis ungdomsrådet skal jobbe med desse sakane i 2023.

Øystein Skattebu
skrivar